

Nr. 3-2013, årgang 48.

# KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



Gunhild Dobbe reiser til Filippinane for å arbeide ved MA'MA Children Center of Norway.

Side 6: Les om kyrkjerottene.

Side 8: Geir og Sigrid Valle takkar for seg.





## Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:  
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:  
Kyrkjeblad for Kviteseid,  
3850 Kviteseid  
Kontonr. 2660 10 30615

### Aktuelle adresser:

Kyrkjekontoret i Kviteseid  
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28  
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid  
E-post:  
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Olav Nordskog  
Kyrkjeverje  
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn  
Organist  
Kontor tlf. 35 06 81 48

Werner Thorkildsen  
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Jan Haugen  
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 12 02 48

Geir Valle  
Sokneprest i Kviteseid og Brunkeberg  
Kontor tlf. 35 06 81 32  
Mobil tlf. 97 15 04 27  
Bustad tlf. 35 05 51 75  
E-post: ge-vall@online.no

Hallvard Nordbø Jørgensen  
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen  
Kontor tlf. 35 06 81 29  
Mobil tlf. 95 92 29 84  
E-post: hallvardnj@gmail.com

Eilev Erikstein  
Prostidiakon, 3880 Dalen  
Mobil tlf. 91 11 35 80

### Om bladet

Framsidedfoto:  
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og  
Niklas Karlsen  
Utforming: Niklas Karlsen  
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS  
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bidragstytarar i dette nummer: Hallvard  
Nordbø Jørgensen, Ingeborg Fangel Mo,  
Jan Haugen, Hadle Hovda, Geir Valle.

## Grundtvig og jeg

”Menneske først – så kristen” sa Grundtvig. Et sentralt utsagn for meg, som er vokst opp på en grundtvigsk prestegård i Jylland. Selv om vi barn ble tatt med til kirken hver søndag - ofte mot vår vilje - så var alle samtalene om historie, kultur, politikk, musikk en like viktig del av dannelsesprosjektet; å bli kjent med og føle ansvar for seg selv OG det samfunn vi en dag skulle bli aktører i. I dag vet jeg at denne oppvekst har gitt meg en tilhørighet; til et åpent fellesskap, et språk og et grunnleggende forhold til ord som kjærlighet og tilgivelse. Jeg vet at jeg er privilegert i forhold til så mange andre, som i denne tid famler rundt i den ekstreme individualistiske kultur vi har skapt. Tesen er at hver enkelt skal ha frihet til at stå alene, være overlatt til å finne sin egen mening og sammenheng i livet, uten hverken et gudsbegrep eller en opplevelse av å være et medmenneske og en del av en større sammenheng. Resultat: Frihet, ja, men samtidig ensomhet og depresjon, som vokser epidemisk i vårt moderne samfunn, et samfunn hvor flere og flere sliter med å finne en større mening med tilværelsen. Her hjelper verken større biler,

bedre veier eller flere penger på konto! Å forsøke å leve ”kristelig” må for meg bety dette; å møte ethvert menneske akkurat der hvor det er, med forståelse, tilgivelse og omsorg. Uten nødvendigvis å skulle omvende eller preke. Å forsøke sammen å løfte blikket, ut av selvopptatthet og egen engstelse, og se den verden og de mennesker omkring, som har bruk for deg og meg. Ta ansvar. Se fellesskap og muligheter. De fellesskap, som vår materialistiske egosentrerte konsum-kultur hele tiden undergraver, og som vi derfor mere enn noensinne må kjempe for og huske på. Vi MÅ insistere på at vi IKKE vil reduseres til ensomme, egosentriske hjerteløse forbrukere, som helst vil bidra minst mulig til fellesskapet. Det krever at vi kjemper med våre indre skygger; grådigheten og selvtilstrekkeligheten, som dessverre trives godt i verdens rikeste land. At vi insisterer på at vi vil være sosiale og ansvarlige MED-mennesker. DET gir mening, og vi behøver ikke hele tiden kalle det Gud, - for Gud er der, i de kjærlige hender, den kjærlige oppmerksomhet vi er skapt til å gi til hverandre.

Ingeborg Fangel Mo



## Gunhild Dobbe på reisefot att

Gunhild Dobbe har avslutta doktorjobben i Seljord og Kviteseid for godt. 30. august gjekk den siste pasienten hennar ut frå kontoret i Seljord. Gunhild kom til Kviteseid i 1982 og har budd her i bygda sidan, berre med nokre korte avbrot. Ho er så velkjent i bygda her at ho treng ikkje nærare presentasjon. Det er ikkje få hundre pasientar som har fått glede over å vera i Gunhild sine kyndige

hender. Og no er ho takka og æra for innsatsen gjennom alle desse åra både her og der. Det er vel unnt. Men ho gjev seg ikkje med det. I ein alder av 67 år legg ho ut på ei lang reise til Manila på Filippinane. Der skal ho som friviljug arbeida ved Rachel Trovi sitt diakoniser: MA'MA Children Center of Norway. Det er eit allsidig arbeid som gjev hjelp til svært trengjande grupper: Hjelp til



utdanning, mat for dei som lite har, fengselsarbeid, familieprogram, internatarbeid og ikkje minst gjennom Barmhjertighetens hospital som har vore i bruk sidan januar 2012.

Gunhild har vore på kortare og lengre opphald ved dette senteret i alt fjorten gonger før. Ho har ikkje nett blese i luren om dette. Men gjennom intervju i kyrkja og på Misjonshuset har ho informert om arbeidet og synt lysbilete frå dei mange aktivitetane ho har vore med på.

Kyrkjelyden i Kviteseid har MA'MA som sitt eige misjonsprosjekt. Og

pengar som kjem inn ved kollektar og julebasaren vert sende dit. Dersom nokon vil senda ei serleg gåve til Gunhild sitt arbeid kan de setja inn pengar på kontonr. 2601 33 17185 og dei vert vidare formidla til henne. No står altså Gunhild på reisefot att. Turen startar i midten av september og ho kjem heim på eit kortare heimeopphald kring jul- og nyttårstider.

Kykjelyden ynskjer deg Guds velsigning over opphaldet i Manila. Ei helsing frå deg av og til ville vi setja stor pris på. HH



Rachel ved porten til Mamas hope.



## ”Kirkerottene” – nytt opplegg i trusopplæringa!

Denne hausten startast det opp eit nytt opplegg for 4- og 5-åringar i Kviteseid kommune som er medlemmer i Den norske kyrkja, nemleg ”Kirkerottene.” (Dei som ikkje er medlemmer i Dnk er sjølvsagt også velkomne!) Borna blir fyrst invitert til ei samling der vi skal få popcorn og saft, og sjå på ein film om dei to kyrkjerottene Vesle og Fredo (sjå biletet). Dei to opplever stadig nye eventyr, og den filmen vi skal sjå, handlar om nokre spennande ting dei opplever i kyrkja der dei bur. I Vrådal har Bjørg-Hilde Sanden allereie starta med slike samlingar, og dei har vore godt likte. Opplegget er også mykje

bruka rundt om i norske kyrkjelydar. (Les meir på [www.kirkerottene.no](http://www.kirkerottene.no)).

Ei lita stund etter kino-samlinga blir borna så invitert til ei litt spesiell familiegudsteneste, ei ”undringsgudsteneste”. Dette er ei gudsteneste som er særleg lagt opp for born. Her skal vi bli betre kjent med kyrkjerommet, og samtidig skal 4-åringane få kyrkjebok, og 5-åringane få adventskalender. Vi håpar og trur at ”Kirkerottene” kan bli eit positivt opplegg som kan styrke kontakten mellom kyrkja og heimane, og vere med på å skape ei trygg tru for borna.



Her er alle deltakarane stilt opp, i kvar sine grupper. Nede til høgre kan vi skimte Håvard Tangerud Jønholt i blått, ved sida av Maria Skjæveland (leiar). Nede til venstre ser vi Johannes Slåttun og Martin Golid Haugan.



Noko av det fyrste vi gjorde på leiren, var å ha litt oppvarmingsleikar. Midt i bildet ser vi, frå høgre, Tone Brauti, Sabrina Gotuholt og Emma Gotuholt Breidalen, samt prest Hallvard.



På kveldane var det godt å roe ned med 'skumringsstund.' Her var det song, andakt, bøn og samtale.

## Konfirmantleir i sumar

Som i fjor reiste konfirmantane på sumarleir i ei veke, saman med konfirmantar frå Vest- og Midt-Telemark. Dette året gjekk turen til Gjennestad gartnerskule. Programmet var tett og variert, med mellom anna

undervisning, sport, leikar, gruppesamlingar, konsert, fritid og god mat.

Eg trur både konfirmantar og leiarar var samde om at det hadde vore ein god, triveleg og lærerik leir.

# "Å kome til Kviteseid var som å kome heim"

I desse dagar har vår gode sokneprest Geir Valle sine siste dagar i tenesta her i Kviteseid. Saman skal han og kona Sigrid no flytte til Gvarv, der dei eig eit hus. Det høver då godt å intervju dei her i kyrkjebladet, om deira erfaringar, tankar og framtidsplanar.

## **HNJ: Kan de fyrst fortelje litt om dykk sjølve, Geir og Sigrid. Kva bakgrunn og utdanning har de?**

GV: Eg vaks opp i Fyresdal, og gjekk så på Kvitsund, før eg etter kvart byrja på teologistudiet. Eg var litt nysgjerrig av meg, og ville få litt meir innsikt i teologien, og svar på spørsmål. Eg valte studiet for min eigen del fyrst, men så utvikla det seg eit slags kall, og så vart eg prest. Eg var særleg oppteken av det å forkynne evangeliet for muslimar; at dei kunne få opna auga. Sigrid og eg traff kvarandre faktisk i samband med med eit prosjekt og ei studiegruppe som muhammedanermisjonen stod bak.

SV: Eg er opphavleg rogalending, frå Strand kommune. Eg gjekk sjukepleien, på Aker. Eg hadde mange lærarar i min familiebakgrunn, men det var ikkje det eg hadde lyst til å bli. Det var omsorg som låg nærast for meg.

## **HNJ: De har vore periodar i utlandet; fortel litt om det.**

GV: Eg arbeidde ein periode som misjonsprest i kyrkja i Pakistan, formelt sett som prost. Men det var eit

allsidig arbeid; i tillegg til å arbeide som prest, var eg også sjåfør, radio-medarbeidar, evangelist, rekneskapsarbeidar. Seinare var eg i Afghanistan som representant for Kirkens Nødhjelp, og var involvert i utviklingsarbeid. Det var meiningsfylt å vere i teneste i utlandet. Diverre har utviklinga i desse landa ikkje vore så positiv i den siste tida, både politisk og sikkerhetsmessig.

SV: I Pakistan var eg heimeverande med borna, og dreiv i periodar med undervisning av dei. Men eg hadde også, no og seinare, glede av lesing og praktiske gjeremål. Eg har generelt hatt ei innstilling om at eg skal finne meg til rette der vi har kome, og det har eg klart. Geir og eg har fungert godt saman som eit team. Vi har også vore medvitne om vala vi har gjort, med omsyn til borna. Vi har søkt å finne stabile løysingar, og har halde kontakt med familien og heimstaden i Noreg.

## **HNJ: Fortel litt om korleis det var å kome til Vest-Telemark att.**

SV: Før vi kom til Kviteseid, var vi på Værøy og Røst. Eg trivst godt der, spesielt sidan eg er vestlending. Men det var også godt å kome heim til Telemark. Det er kjente område, og nærare familien. Vi opplevde oss også som veldig velkomne då vi kom hit. GV: Eg opplevde det på mange måtar som å kome heim att, sidan eg er



oppvaksen i Fyresdal. Det er lett å slå seg til her i Kviteseid.

### **HNJ: Korleis tykkjer du så det har vore å arbeide som prest, Geir?**

GV: Å vere prest i Kviteseid falt mellom anna saman med innføringa av ny liturgi. Det var litt spennande, for det hjelte oss til å innsjå klart at gudstenesta er noko vi er fleire om. Det er ikkje berre ”prestens oppvising.” Vi har hatt ein del fine opplevingar med arbeidet med gudstenesta. Meir generelt har det vore både interessant, meiningsfylt og gjevande å vere prest. Samstundes har det tappa ein del ressursar. Ein del av det som før var naturlege arbeidsoppgåver, har vorte litt tyngre no i seinare tid. Då skjøna at det var betre å setje strek, og ha igjen krefter til eit aktivt pensjonisttilvære. Eg er difor eigentleg nøgd med å slutte

på dette tidspunktet. Men eg er glad og takknemleg for å få avslutte prestenesta her i Kviteseid.

### **HNJ: Kva ynskje og mål har de så for framtida?**

GV: Vi håpar på å få leve eit aktivt og meiningsfylt liv som pensjonistar, og at vi har krefter og litt eventyrlyst. Vi håpar også på tid til familie, born og barneborn. Det er jo heller ikkje så langt frå Gvarv til Kviteseid, så eg reknar ikkje dette som eit ”endeleg farvel.” Vi håpar å stundom kome på besøk til Kviteseid også i framtida.

Med dette var intervjuet slutt. Vi er takknemlege for alt det Geir og Sigrid har gjeve til bygda og til kyrkjelyden, og ynskjer lukke til og Guds signing på vegen vidare!

## **Årets konfirmantar**

Det har vorte etterspurt ei liste med namn på konfirmantane, litt tidleg i skuleåret. Ho fylgjer her. Ta dei gjerne med i di forbøn. Konfirmantane kjem også til å delta i gudstenester, med ulike tenester, i løpet av skuleåret.

### **Kviteseid**

Håvard Tangerud  
Jønholt,  
Thomas Midtsund  
Homman,

Robin Aarbakk  
Magnushommen,  
Tone Brauti,  
Stian Stykket,  
Emma Gotuholt  
Breidalen,  
Håvard Andresen,  
Erlend Hauglid,  
Eirik Tveit Jensen,  
Mats Andre Grave,  
Karoline Grutle,  
Sabrina Gotuholt,  
Emilie Meinstad Aasen,  
Marta Synnøve Engeland  
Mota,  
Øystein Nord Sandvik,

Oda Lindestad,  
Stine Ståland.

### **Brunkeberg**

Torjus Nordskog Ek  
Brynilsen,  
Anne Vadder,  
Johannes Slåttun,  
Martin Golid Haugan.

### **Vrådal**

Amalie Karlsen Mælen,  
Ylva Nordbø,  
Solveig Torsdalen,  
Vemund Sanden Tørdal.

# Prestens hjørne

Den norske kyrkja er ei luthersk og protestantisk kyrkje. Historisk sett er vi eit resultat av brotet med den katolske kyrkja på 1500-talet. Kanskje var brotet nødvendig. Men vi må også seie at det var eit tragisk og bittert brot, som førte med seg mykje strid og elende. Jesus og apostlane hadde lært at vi som truande ikkje skulle splittast. Vi skulle heller halde saman i kjærleik, truskap og einskap – i trua på det éine evangeliet, den éine Herren Jesus, det éine sakramentet i brød og vin, det éine håpet om oppstode og evig liv.

Tidene har endra seg. I dag opplever vi at kyrkjesamfunna beveger seg nærare kvarandre, i fred og dialog. Sjølv er eg glad for det. Jo, vi er usamde om ting, og det skal vi ta på alvor. Men vi kan i det minste anerkjenne kvarandre som sysken i trua. Og vi kan møte kvarandre i dialog om dei tinga vi er usamde om. Kanskje vi, i trass av våre respektive overtydingar, kan strekke oss litt nærare kvarandre? Kanskje vi kan rydde unna nokre misforståingar?

Og vi har også mykje å gje kvarandre. Tenk på vår lutherske tradisjon. Vi har Bachs fantastiske musikk; hans messe i h-moll og hans pasjonar. Vår tradisjon har også vektlagt Guds nåde og behovet for den personlege trua, for lesing i Bibelen og aktiv deltaking i kyrkjelyden. Men også katolikkane har



mange ”gåver” å dele med oss. Mange katolske kyrkjer er til dømes storeslegne og vakre – bygd til ære for Gud. Og messe-liturgien er full av eldgamal mystikk, venleik, musikk og tekstar som vekker tilbedinga og set oss i kontakt med umåteleg mange generasjonar av tidlegare truande.

Lat oss halde fast ved vedkjenninga av evangeliet om Jesus – men lat oss også arbeide for einskap i tru og kjærleik.

# Oppslagstavla

## Skysst til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på  
tlf. 350 53 784.

## Gåver til Kyrkjebladet.

kan setjast inn på konto nr  
2660.10.30615, Kviteseid kyrkjeleg  
Fellesråd.

Så langt i 2013 (januar-august) har det  
kome til saman kr 24 700 inn på denne  
kontoen.

Mange takk for desse gåvene, det  
dekkjer utgiftene vi har hatt så langt,  
og så vonar vi på at vi skal klare  
utgiftene for dei to siste blada også!

Redaksjonen

## Yngres i Kviteseid

Førre skuleår vart det arrangert Yngres  
i Fjågesund, og det har vore veldig fine  
samlingar. I år er det likevel vorte  
færre born og unge i bygda, så Yngres  
blir flytta til Kviteseid Misjonshus.  
Datoane for hausten er torsdag 3.  
oktober, 7. november og 5. desember,  
frå 1730 til 1930. Alle i (sånn ca.) 5.-7.  
klasse er hjarteleg velkomne! Dei som  
arrangerer, er Kviteseid sokneråd, team  
frå Kvitsund, prest Hallvard og nokre  
unge vaksne leiarar.

# Kyrkjegardsvandring i Brunkeberg

Det planlagde programmet for søndag  
1. september vart akkurat så  
forvitneleg og vellukka som vi hadde  
vona. Historielaget hadde invitert ein  
representant frå kvart av bygdelaga i  
Brunkeberg (Brunkeberg, Morgedal,  
Ordal, Åsgrend og Dalan) til å stanse  
opp ved ei grav og fortelje nokre  
minne om den som låg i grava. Ca 40  
menneske møtte opp i solskinet, og det  
var tydeleg at dei treivst med


opplegget. Det var humring og  
attkjennande nikk, og lågmælte  
kommentarar, og fleire minne blei  
henta fram. Og sjølv om veret var fint,  
var haustlufta slik at det gjorde godt å  
kome inn i kyrkjestoga til soknerådet si  
varme suppe og kaffi etterpå.

Applaus og takk til alle som bidrog med  
å verkeleggjere denne opplevinga!

# Gåver til Kyrkjebladet 2013

Birkeland, Håkon og Målfrid, 300;  
Birkeland, Nils Ingar, 250; Midtgarden,  
Ester H, 100; NN, 200; Omland, Eilev, 200;  
Solvang, Anlaug og Ove, 100; Torsdalen,  
Morten, 200; Nordskog, Olav, 300; Nyland,  
Torhild, 100; Sollid, Gerd og Torleif, 200;  
Bakken, Gerd, 100; Belland, Ranveig, 200;  
Eilevstjønn, Kari og Gunnar, 200; Hauge, O  
og A, 200; Håtveit, Margareth, 200;  
Kråkenes, Tarjei, 300; NN, 100; Opsund,  
Mary, 100; Torsdalen, Ingebjørg K, 100;  
Aabø, Gunda, 200; Haugen, Signe Turid  
Tjøm, 100; Nordskog, Marit, 100; Verstod,  
Gunleik Halvard, 150; Østenå, Henny, 100;  
Bergland, Magnhild, 150; Bjåland, Knut,  
100; Kleiv, Agnes, 100; Myhren, Eva  
Gotuholt, 200; Nødland, Kurt, 303,03;  
Draugedal, Ruth Ellinor, 100; Florentz,  
Solweig, 200; Naper, Ådne Arne, 200;  
Sundsarm, Kathe Vigdis, 100; Suvatne,  
Alv, 200; Aasmundtveit, Hæge Svanaug,  
100; Eilevsen, Edvard, 200; Halsvik, Egil  
Edgar, 200; Kittilsen, John , 200; NN, 200;  
Åsheim, Liv Vaa, 200; Knutsen, Sigrid, 500;  
Rønningen, Inger, 300; Dalen, Karen  
Margareth, 200; Findreng, Dagny, 200;  
Rødbakk, Jorunn, 100; Fjeldstad, Mathilde,  
150; Midtgaard, Anna, 200; Norum, Kjell  
Arne, 100; Groven, Olav, 150; Hafskjold,  
Astrid L.M., 200; Moen, Torjus Søilverud,  
200; Groven, Olav Georg, 300; Haugan,  
Karin Johanne, 200; Myrland, Jon K. og  
Henny, 200; Sandland, Brita, 200;  
Bredalen, Solweig, 200; Haugen, Dagny,  
100; Nordnes, Signe Ninny, 200; Snaunes,  
Signy, 200; Wraa, Petter Olav, 150;  
Brandvoll, Oline, 100; NN, 300; Aabø, A.Aa.,

200; Håtveit, Anne, 200; Kråkenes, Marie  
Andrea, 200; Ranheim, Ingebjørg, 150;  
Landsverk, Oddvard, 100; Lindestad,  
Tordis, 200; Lønnegraff, Kate, 100; Brokke,  
Tordis R., 200; Jacobsen, Hege og Finn, 100;  
Johansen, Svanaug Turine, 200; Hauge,  
Anna Sofie, 100; Jore, Signe Aud, 100; NN,  
100; Gjersund, Knut, 200; Rui, Hildegunn  
Marie, 200; Stavenes, Anne Hege, 300;  
Woldstad, Hans Steinar, 200; Straumsnes,  
Åsne, 250; Nekstad, Terje og Bjørg, 200;  
Groven, Margrete Sofie, 100; Haugan,  
Gudrun , 100; Midtbø, Ragnhild, 200;  
Eilefsen, Gunn, 200; Sanden, Anne Finnkås,  
200; Havnvik, Ivvara Mathilde, 200; Mosdøl,  
Elise, 300; Ripegututu, Oddvar, 200; Moen,  
Jørgen, 300; Dobbe, Gunhild, 200; Sanden.  
Torleif, 200; Palsson, Hjørtur, 400; Aabø,  
Margrethe Aakvik, 200; Roholdt, Hanne  
Julie Gåsø, 200; Hovden, Neri, 200;  
Jørgensen, Hallvard N., 1 000; Øygarden,  
Anne, 200; Haugen, Kristine, 200; Haugan,  
Bjarne, 200; Ståland, Bjørg Gudveig, 100;  
Lauvstad, Aslaug, 300; Skipar, Anne-Karin,  
300; Bakken, Sverre, 200; Kråkenes, Tarjei,  
300; Kleiv, Aasmund, 200; Eilefsen, Asbjørn,  
200; Tormodsvik, Arne, 250; Nyland,  
Dagfinn, 200; Straumsnes, Aasne, 500;  
Haatveit, Aage, 300; Haatveit, Liv, 300;  
Hovda, Hadle, 200; Olimstad, Astrid og  
Jakob, 200; Bakken, Ingebjørg, 100;  
Draugedalen, Torhild, 200; Draugedalen,  
Toril og Jon, 500; Brenne, Kittil, 250;  
Rosland, Bodil og Inge, 200; Fjalestad,  
Torleiv, 200; Fundli, Gudrun, 100;  
Findreng, Dagny, 200;  
Sum, 24 703;



*I Kristus, nær livet - ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.*

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2009–2014,  
vedteke av Kyrkjemøtet 2008.)

## Døypete

Brunkeberg: Markus Hætta.  
Kviteseid: Jenny Brauti Ekre.  
Bjørnar Kleivstaul.  
Arn Halvor Buschmann  
Nyland (busett i  
Longyearbyen).  
Emilie Metveit Haugo.

## Gravlagde

Brunkeberg: Oddvard Landsverk.  
Sveinung Heggtveit.  
Kjetil Hauglid.  
Björg Eva Heggtveit.  
Signe Omtveit.  
Ingebjørg Bjåland.  
Kviteseid: Elna Kittilsen.  
Grete Elisabeth.  
Sigurdsliid.  
Arvid Oskar Brekke.  
Hilda Jacobsen.

## Vigde

Fjågesund: Gladys Agustin Barba og  
Laurent Alain Leon  
Schmid.  
Kviteseid: Vera Leske og  
Dirk Edling (busett i  
Brunkeberg).  
Britt Marie Staaland og  
Hallgeir Seltveit (busett i  
Vinje).  
Marianne Aabø og  
Bård Skree Breidalen.  
Monica Buschmann og  
John Asle Nyland (busett  
i Longyearbyen).  
Velsigning av ekteskap:  
Kviteseid: Siv Marita Kaasi og  
Guillermo Bárbaro  
Bonachea Medina.



# Vedtekter for kyrkjegardane

Det har i mange år vore ein del vedtekter knytt til gravplass / gravstell etc. i Kviteseid kommune. Altfor ofte høyrer vi at folk ikkje er klar over desse. På kyrkjekontoret finn ein brosjyrar med desse vedtektene. Her kjem eit lite utdrag med nokre av dei viktigaste punkta.

Kyrkjetenar Jan Haugen

§ 4. Fredingstid og festetid  
Fredingstida og festetida for graver er 20 år.

§ 5. Feste av grav  
Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 20 år. Feste og fornying av feste skjer mot å betale festeavgift. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg fellesråd.

§ 6. Grav og gravminne  
Kyrkjegardsbetjeninga vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Gravminne bør ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m. v. i plantefeltet. Gravminne skal godkjennast av fellesrådet før det vert sett opp.

§ 7. Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, og ikkje gå lengre fram enn 60 cm frå bakkanten av gravminnet. Det må ikkje plantast blomar og buskar som vert høgare enn gravsteinen eller som går ut over plantefeltet. Det er ikkje lov å ramme inn grava eller deler av ho med hekk, stein eller jern.

§ 9. Stell av grav

Kyrkjeleg fellesråd kan syte for årleg planting på grav mot betaling på førehand.

§ 10. Gravlegat

I særskilte høve kan pårørande søkje fellesrådet om å få opprette gravlegat.

§ 11. Ansvarstilhøve

Fellesrådet er ikkje ansvarleg for skade som skuldast bruk av gravemaskin eller anna utstyr med mindre det er vist aktløyse frå kyrkjegardens tilsette.

§ 12. Orden

Etter arbeid på gravene må alt avfall takast vekk og leggjast på tilvist stad. Reiskap som høyrer til kyrkjegarden skal setjast tilbake på plass.

Returadresse:  
**Kyrkjekontoret**  
**3850 Kviteseid**

# Gudstenester

## OKTOBER

- Sun. 13.** 21. s. i treeiningstida Luk.12, 13-21  
Vrådal kl 11. Valle. Ofr. NKSS.
- Sun. 20.** 22. s. i treeiningstida Luk. 10, 25-37  
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Presentasjon av konfirmantane. Ofr. Stefanusalliansen  
Fest for gullkonfirmantane frå heile kommunen.
- Sun. 27.** Bots- og bøneding Luk.15, 11-32  
Fjågesund kl. 11. Valle. Bots- og bønedingsteneste.  
Ofr. Kvitsund gymnas.  
Brunkeberg kl 16.30. Valle. Familiegudsteneste.  
Utdeling av 4-års bok og 5-års kalender.  
Unge Røyster. Ofr. Stefanusalliansen.

## NOVEMBER

- Fred. 1.** Helgemesse.  
Kviteseid kl 19.30. Nattverd. Ofr. Kvitsundrussens gamle kyrkje misjonsprosjekt. Fakkeltog.
- Sun. 3.** Helgesundag Luk 6, 20-23  
Brunkeberg kl 18. Minnegudsteneste for alle sokna i kommunen. Kviteseid Kyrkjekor.
- Sun. 10.** 25.s.i treeiningstida Joh. 5, 1-15  
Vrådal kl 11. Jørgensen. Nattverd.  
Ofr. misjonsprosjektet.
- Sun. 17.** 26.s. i treeiningstida Luk. 13, 10-17  
Kviteseid kl 11. Familiegudsteneste. Utdeling av 4-års bok og 5-års kalender. Unge Røyster. Ofr. Kyrkjelydsarb/born-unge.
- Sun. 24.** Domssundag/Kristi kongedag  
Joh 9, 39-41  
Brunkeberg kl 11. Nattverd. Ofr. kyrkjelydsarbeidet.

## DESEMBER

- Sun. 1.** 1.s. i advent Matt 21,1-11  
Vrådal kl 11. Jørgensen. Familiegudsteneste.  
Utdeling av 4-års bok og 5-års kalender.  
Kviteseid Barnegospel. Ofr. barne- og ungdomsarb.
- Sun. 8.** 2.s. i advent Joh.14,1-4  
Kviteseid kl 11. Nattverd. Ofr. misjonsprosjektet  
Rakel Trovis Stiftelse.
- Sun. 15.** 3.s. i advent Matt 11, 2-11  
Vrådal kl 11. Nattverd. Kviteseid Kyrkjekor.  
Ofr. IKO.  
Kviteseid kl 18. Adventskonsert.
- Sun. 22.** 4.s. i advent Luk.1, 46-55  
Kilen kapell kl 16. Jørgensen. "Eit annleis jolebord".  
Ofr. Kirkens Nødhjelp.